

Representanten **Arve Helle** (A) har stilt slikt spørsmål:

Ferjesambandet Hufthamar-Krokeide er det mest trafikkerte fylkesvegsambandet i Vestland og har hatt ein sterk trafikkvekst dei siste åra. Rutetilbodet har ikkje halde følgje med denne veksten, og både næringsliv og privatpersonar har gitt uttrykk for misnøye med tilboden. Kva retningslinjer gjeld for utforming av rutetilboden, og er det planlagt noko politisk sak om justering av desse? Eg ber også om ei orientering om hurtigbåttilboden til og frå Austevoll, samt informasjon om når det eventuelt kjem ei sak om hurtigbåttilboden generelt.

#### Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport:

Rutetilboden på fylkesvegferjene tek utgangspunkt i historiske data og framskrivingar for å kunne møte forventa etterspurnad. Opningstid i eit ferjesamband, frekvens, ferjekapasitet og gjenståande trafikk er sentrale kriteria i desse vurderingane. Tilboden blir utvikla i samarbeid med aktuelle kommunar og ulike kundegrupper, og med politisk handsaming av vesentlege endringar.

Rutetilboden mellom Krokeide og Hufthamar blei styrka frå 2018 gjennom innsetting av to nye elektriske ferjer, og samla sett auka kapasitetstilbod. Det er i perioden frå 2018 registrert svært få gjenstående køyretøy i sambandet. Rutetilboden på ferjene er politisk handsama gjennom ei lang rekke saker frå 2016-2019.

Skyss er i gang med ei evaluering av dei seinare endringane i rutetilboden med ferjene i Hordaland, og har mellom anna invitert aktuelle kommunar til nærmere dialog om tilboden. Ein vil også gå gjennom kundeklagar og innspel frå operatør. Resultata av prosessen vil bli lagt fram til politisk handsaming.

Fylkesrådmannen orienterte også om grunnlag for ferjetilboden til og frå Austevoll i Kontrollutvalet i juni i år (PS 62/2020). Her vart det spesielt sett på lokalt ferjetilbod opp mot ulike transportstandardar.

#### **Hurtigbåt**

Ruta Sunnhordland - Austevoll - Bergen utgjer dagens hurtigbåttilbod til og frå Austevoll. Båten startar i Sunnhordlandsbassenget og går via Austevoll til Bergen. Hovudlinna går mellom Leirvik, Rubbestadneset, Hufthamar, Flesland og Bergen sentrum. Båten korresponderer med lokalbåt i Sunnhordlandsbassenget og lokalbåt i Austevoll. Hovudlinna har fire avgangar tur/retur Leirvik - Bergen på kvardag, to avgangar tur/retur på laurdagar og fem avgangar tur/retur på søndagar. Ved søndagsruta er ni av ti turar innom Austevoll. Ruta Sunnhordland - Austevoll - Bergen betener òg Bekkjarvik, Littlekalsøy og Møkster med både faste stopp og moglegheit for tinging.

#### **Politiske saker**

Det har sidan vedtak av Kollektivstrategi for Hordaland i 2014 vore årleg politisk handsaming av handlingsprogram og årsrapportar for kollektivstrategien. Strategi, handlingsplanar, årsrapportar og fagutgreiingar er samla på [skyss.no/rapportar](http://skyss.no/rapportar). Hurtigbåttilboden i Hordaland er handsama meir i detalj i Trafikkplan båt, vedteke i fylkesutvalet (PS 271/2017).

I tråd med vedtak i politisk sak om prosess for årlege ruteendringar (FUV, PS 188/2020) er no alle kommunar i Vestland inviterte til å kome med innspel til endringar for neste år. Dette gjeld også for ferje og hurtigbåt.

I arbeid med ny Regional transportplan (FUV PS 54/2020) med handlingsprogram vil temaet kollektivtransport på sjø bli utgreidd. Strategi og prinsipp for dette vil også vere eit sentralt tema revisjon av kollektivstrategien, eit arbeid som er knytt til RTP. Framlegg vil kome til politisk handsaming. Også knytt til utløp av dagens kontraktar for hurtigbåtdrifta (utløp 2023, med moglegheit for 2 + 2 års opsjon) vil det bli politiske saker.